

Arktis i Brussel denne veka

- *Regionalutviklingskomiteen vedtok tysdag sitt innspel til Europaparlamentets arktiske rapport og tek mellom anna til orde for ei vernesone i internasjonal farvatn*
- *Symposiet Arctic Futures prega av semje om at Arktis Råd er viktig, men uvisse om rolla til USA framover og ei viss uro over auka russisk militært nærvære*
- *Semje på symposiet om at Arktis ikkje må bli ei stor vernesone, men dei aktørane som har vore mest opptatt av vern i Arktis var ikkje aktive på symposiet*

Denne veka vart [symposiet Arctic Futures](#) arrangert i Brussel. I tillegg arrangerte europaparlamentarikaren Christel Schaldemose (S&D, Danmark) eit frukostmøte om [internasjonalt samarbeid for bærekraftig utvikling i Arktis](#). Regionalutviklingskomiteen (REGI) røysta om si fråsegn om Arktis.

Regionalutviklingskomiteens vedtok si fråsegn

REGI vedtok tysdag fråsegna om ein integrert politikk for Arktis med 33 mot 5 røyster og ingen blanke. Dette er komiteens innspel til rapporten om EUs arktiske politikk som Europaparlamentets utanrikskomité (AFET) og miljøkomité (ENVI) har hovudansvaret for.

Den endelege teksten er ennå ikkje klart ([den vil bli publisert her](#)), men komiteen vedtok ei lang rekke endringskompromiss til ulike delar av [utkastet til fråsegn](#) frå den svenske saksordføraren Jens Nilsson (S&D). Det var fremja [40 endringsframlegg](#). I teksten som vart vedteke var det mellom anna ei formulering som ber Kommisjonen støtte etableringa av ei vernesone i internasjonal farvatn (*«calls for the European Commission to embrace the proposal of the creation of a Sanctuary in the international waters of the Arctic in order not to exacerbate environmental problems and to protect the biodiversity and endangered ecosystems in the Arctic region»*). Komiteen ynskjer også at EU skal få full observatørstatus i Arktisk Råd og ber Canada og Russland om å støtte dette meir aktivt (*«...to be more forthcoming in ensuring the EU obtains full observer status »*).

Fråsegna frå REGI går nå vidare til behandling i AFET/ENVI som vil røyste over kvart enkelt avsnitt i fråsegna saman [dei endringsframlegga](#) som er lagt fram til [utkastet til felles rapport](#) frå dei to komiteane. I tillegg vil fråsegner frå utanrikshandelskomiteen og fiskerikomiteen gå inn i behandlinga. Desse to komiteane skal røyste over sine fråsegner 5. desember, medan AFET/ENVI skal etter planen røyste 24. januar. Saken vil deretter gå til plenumsbehandling.

Symposium og frukostmøte

Ein av dei to saksordførarane for den felles AFET/ENVI-rapporten, Urmas Paet (frå den liberale gruppa ALDE, Estland) deltok på Seminaret Arctic Futures. Han viste der til at det er ei auka interesse for Arktis – også frå land utanfor regionen. Arktis er eit lovregulert område, at det er viktig å sikre at det framleis blir eit lågspenningsområde og at det er viktig å finn ein balanse mellom vern og bruk. Arktisk Råd er det sentrale samarbeidsforumet for Arktis og la vekt på at EU spesielt kan ha ei viktig rolle i å utvikle infrastruktur i Arktis.

Både på symposiet og frukostmøtet snakka Boris Irochevitch frå EUs utanriksteneste (EEAS) og han gjentok begge stader at Arktis er viktig for EU, at det er viktig med ein balanse mellom miljøvern og økonomisk aktivitet og at det er viktig å vidareføre Arktis som eit område med låg spenning og dermed vidareføre eit praktisk samarbeid også med Russland. På symposiet deltok også Felix Leinemann frå Europakommisjonens generaldirektorat for maritim politikk og fiskeri (DG MARE). Han understreka behovet for både grøn og blå vekst. Både DG MARE og EEAS sa det er viktig å byggje vidare på eksisterande strukturar, spesielt Arktisk Råd, men også t.d. Barentssamarbeidet. Det er viktig med betre koordinering og samarbeid. Etableringa av [Arctic Stakeholder Forum](#) er meint å bidra til dette.

På begge arrangementa var det innleiarar frå Canada, Grønland, Island, Færøyane og Noreg. På symposiet var det i tillegg deltaking m.a. frå danske, finske og svenske styresmakter, lokale og regionale politikarar frå nordområda og Samerådet i tillegg til ulike forskingsinstitusjonar. Innlegga frå dei ulike representantane var i stor grad samstemte i at det er viktig å leggje til rette for berekraftig ressursutnytting og at EU og andre ikkje må behandle Arktis som ei stor vernesone. Det er viktig å hugse på at det faktisk bur folk i Arktis og EU må lytte til kva behov og ynskjer dei ha. Det er viktig å definere kva område ein omtalar som Arktis. Frå det norske utanriksdepartementet innleia ambassadør Anniken Ramberg Krutnes på begge arrangementa. Krutnes sa at i løpet av dei 20 åra Arktis Råd har eksistert har kunnskapsgrunnlaget vorte kraftig betra. Arktis Råd har ført til at aktørane nå kjenner kvarandre mykje betre. Det er svært verdifult.

Det var ingen innleiarar på symposiet frå russiske eller amerikanske styresmakter på arrangementa. Fleire uttrykte uvisse om kva politikk Trump-administrasjonen vil føre for Arktis, men håpa USA ville vidareføre dagens linje. Fleire kommenterte at tilhøvet til Russland er meir spent enn tidlegare. Paet var blant dei som kommenterte dette og han sa mellom anna det er viktig å vere budd på at ting kan endre seg raskt og viste mellom anna til at Russland i fjor hadde «testa» opning av den nordlege flyktningruta til Finland og Noreg. Andre understreka samstundes at det praktiske samarbeidet i Nord og folk-til-folk-samarbeidet må vidareførast og at regionalt samarbeid bidrar til å dempe spenningane.

Rod Downie frå Verdas villmarksfond (WWF) sa på symposiet at EU spesielt kan bidra til å fremje forståing for og bevaring av biodiversitet i Arktis, fremje bærekraft som prinsipp og bidra til å styrke det globale samarbeidet om Arktis. Han sa WWF brukar omgrepet forvaltning og ikkje konservering. På grunn av dei raske klimaendringane fungerer ikkje tradisjonelle vernemetodar for Arktis.

Røystene (t.d. i Europaparlamentet) som har gått lengst i å ta orde for å avgrense den økonomiske aktiviteten i Arktis av miljøomsyn var ut over WWF ikkje representert på symposiet. Fleire som snakka viste til at debatten i EU knytt til spørsmål om Arktis ofte har bidrege til å skape avstand til folk i Arktis. Forbodet mot omsetning av selprodukt og framlegget om eit moratorium for olje- og gassverksemd i Arktis (som rett nok vart nedstemt i Europaparlamentet sist Arktis vart drøfta der) er døme på dette. Framlegg i den felles AFET/ENVI-rapporten som nå er til behandling om eigne miljøkonsekvensanalyser for Arktis vart trekt fram som døme på det same.

Kommentar

I drøftingar om Arktis har skiftande regjeringar i Noreg vore opptatt av å fram at Arktis ikkje er eit lovlaust område, at det trass globale spenningar er viktig med eit praktisk samarbeid med Russland i nord og av å fremje ein tankegang om berekraftig ressursutnytting og ikkje totalt vern. Det synes som dei fleste nå er klar over eksisterande avtaler og samarbeidsstrukturar som er etablert for Arktis og arktisk samarbeid. Det synes også som dei fleste er erkjenner behovet for å samarbeide med Russland. Den generelle konflikten med Russland i Ukraina og Syria fører likevel til at ikkje alle er like positive til det regionale samarbeidet i nord. Avrøystinga i REGI viser at det er ulike syn på kor balansen mellom vern og ressursutnytting bør finnast. Samstundes er det ei utfordring å få representantar med ulike syn til å møtes og høyrer argumenta til kvarandre.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no

Publisert 1. desember 2016.